



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

VOSS UNGDOMSSKULE



Tema: Vurdering for læring, fokus på tilbakemelding til elev

25. – 28. oktober 2010

Voss ungdomsskule
rektor: Dorte Rømsing
Adresse: Boks 504, 5703 Voss
e-post: voss.ungdomsskule@voss.kommune.no



Innholdsliste:

1. Eit framtidretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!
2. Fakta om skulen/vurderingstema
3. Vurdering
4. Glansbilde
5. Sterke sider
6. Utviklingsområde
7. Vidare arbeid

Vedlegg:

1. Deltakarar i vurderinga
2. Tidsplan
3. Metodar
4. Tomme malar som har vorte brukt i vurderinga



1 - Eit framtidretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering.

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Dette har i ettertid synt seg å vera eit svært så framtidretta vedtak. Det vart utarbeidd ein modell for ekstern vurdering i regionen, og denne modellen har synt seg svært levedyktig og har spreidd seg til over 100 kommunar rundt om i heile landet.

Etter at me starta med ekstern vurdering for å betra kvaliteten i skulen, har det kome fleire meldingar frå sentrale styresmakter som understrekar kor viktig det er å ha system som etterspør og sikrar kvalitet i opplæringa, mellom anna i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Vidare kom St.meld. nr. 30. (2003-2004) "Kultur for læring", som var forløparen til ny læreplan, "Kunnskapsløftet" (2006).

Det synte seg då at Hardanger/Voss modellen var kjend heilt inn i Utdanningsdirektoratet, dei ville nytta vurderingsmodellen vår på skular rundt om i landet. Fleire av vurderarane i regionen har vore med i dette arbeidet, og vurdert store og små skular rundt om i heile landet, også vidaregåande skular.

Barnehagane i regionen vert også vurdert etter same modellen, der er det førskulelærarar som er vurderarar. Fleire regionar/kommunar ønskjer no opplæring i barnehagemodellen, noko Utdanningsdirektoratet støttar økonomisk.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd



Kven er vurderar?

12/14 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 38 grunnskulane i regionen i løpet av 3 år, dvs. 12 skular pr år. To frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen.
- Vurderarane nyttar verktøy utvikla av Utdanningsdirektoratet, "Ståstedsanalysen" og "Elevundersøkelsen".
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av glansbilde, det vil seia kriterium på kvalitet og teikn på god praksis, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.


Rapporten

På bakgrunn av dokumentanalyse, intervju med elevar og lærarar, møte med foreldre og observasjon på skulen skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men er eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med og utvikla til det betre på skulen.

Det har synt seg at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta i den eksterne vurderingsprosessen, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.

Skulevurdering





2 - Fakta om skulen og val av vurderingstema

Voss ungdomsskule ligg vakkert til med utsyn over Vangsvatnet, og Prestegardsmoen og sentralidrettsanlegget er gode og nyttige naboar.

Skulen vart bygd som barneskule i 1963 og teken i bruk som ungdomsskule i 1970.

I 2005 starta arbeidet med rehabilitering av skulen opp. Fyrste byggesteget omfatta sentralfløy og austfløy. Sentralfløyen er riven ned og bygd opp att i to etasjar der det er kantine og bibliotek i 1. etg. og kontor og rom for tilsette i 2. etg.

Denne delen av rehabiliteringa var ferdig hausten 2006.

I juni 2006 gjorde kommunestyret nødvendig vedtak om å fortsetja rehabiliteringa med byggesteg II som omfattar vestfløyen. Dette arbeidet vart fullført i løpet av skuleåret 2007-08. I tillegg til klasse- og grupperom, vil helsetenesta ved skulen og få plass i dette bygget.

Planar for å fullføra rehabiliteringa med byggetrinn III og IV finst også. Rehabilitering av spesialromsfløy er planlagt igangsett april 2011. Vidare ligg det planar om rehabilitering av kroppsøvingssavdeling/symjehall, men desse er meir uklåre pr. i dag.

Skuleåret 10/11 har Voss ungdomsskule 459 elevar - fordelt på 18 klassar/grupper. I alt arbeider det 81 vaksne ved skulen, 60 lærarar og 21 andre tilsette.

Skulen er for tida organisert med ein rektor og to undervisningsinspektørar.

Resultatet på elevundersøkinga og ståstadsanalysen er utgangspunkt for val av tema. Skulen skåra lågt på fagleg rettleiing i elevundersøkinga. Ståstadsanalysen var tydeleg på at skulen sin praksis må betrast når det gjeld påstanden: "Elevene er kjent med hvilke kompetansemål de arbeider mot og kva de vurderes ut fra".

Tema for vurderinga: vurdering for læring, fokus på tilbakemelding til elev (framovermelding).



3 – Vurdering





4 - Glansbilde

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
<p>Skulen tek ansvaret for at eleven sin rett til vurdering blir oppfylt og kan dokumentera at undervegsvurdering er gitt.</p> <p>Forskrift til Opplæringslova. § 3-11 og § 3-15.</p>	<ul style="list-style-type: none">- skulen kartlegg, rapporterer og dokumenterer vurderingar frå 8. årstrinnet- skulen legg til rette for at ulike metodar for undervegsvurdering og eigenvurdering vert gjennomført og erfaringar delt i organisasjonen- skulen har laga eit felles system for kjenneteikn på måloppnåing basert på kompetansemåla i LK06- leiinga legg til rette for at lærarar på kvart trinn /team kan drøfta metodar for å trene elevane i systematisk eigenvurdering
<p>Grunnlaget for vurdering i fag er dei samla kompetansemåla i læreplanane for fag slik dei er fastsette i læreplanverket, jf. § 1-1 eller § 1-3.</p> <p>Forskrift til Opplæringslova §3-3</p>	<ul style="list-style-type: none">- eleven får vita kva som er kjenneteikn på låg/middels og høg måloppnåing- eleven får høve til å forbetre kompetansen sin i faget inntil standpunktkarakteren er fastsett- standpunktkarakteren er basert på eit breitt vurderingsgrunnlag som samla viser kompetansen eleven har i faget- halvårsvurderinga med karakter gjev uttrykk for den kompetansen eleven har nådd ut frå det som er forventa på tidspunktet for vurderinga- vurderinga av orden og åtferd er åtskild frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag
<p>Undervegsvurdering blir brukt som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidreg til at eleven,</p>	<ul style="list-style-type: none">- eleven har minst ein gong kvart halvår ein samtale med kontaktlæraren



<p>aukar kompetansen sin i fag. Forskrift til Opplæringslova §3-3</p>	<ul style="list-style-type: none">- elevar får framovermeldingar og relevante tilbakemeldingar slik at han/ho kan justera eiga læring- eleven får positive oppmuntringar som fremjar motivasjon og arbeidsinnsats- undervegsvurderinga er både munnleg og skriftleg- vurdering i orden og i åtferd bidreg i sosialiseringprosessen og er med og skapar eit godt miljø
<p>Eleven deltek aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling. Forskrift til Opplæringslova § 2-3 og § 3-4.</p>	<ul style="list-style-type: none">- eleven får høve til å samanlikna eige produkt med kriterier som er sett på førehand- eleven kan stille seg spørsmål; kvar skal eg, kvar er eg i læringsprosessen og kva er neste steg- eleven ved hjelp av eigenvurdering får eit bilete av eigen fagleg utvikling- eleven opplever trygt og godt fysisk arbeidsmiljø/ læringsmiljø, at det er trygt å prøva og å feila
<p>Samarbeid med føresette undervgs i skuleåret om eleven sin orden/åtferd og faglege utvikling. Forskrift til Opplæringslova § 20-3</p>	<ul style="list-style-type: none">- føresette er kjende med kompetansemåla i LK06- føresette har jamleg dialog/samarbeid med kontaktlæraren om utviklinga til eleven i lys av opplæringslova- dei føresette får tilbakemeldingar på orden, åtferd og karakterane til eleven gjennom heile opplæringa- informasjon om kompetansen til eleven vert gitt som meldingar med sikte på fagleg utvikling- eleven og dei føresette føler seg trygge på at målet med vurdering er vidare læring og at det er mogeleg å forbetra seg





5 - Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet



Skulen tek ansvaret for at eleven sin rett til vurdering blir oppfylt og kan dokumentera at undervegsvurdering er gitt. Forskrift til Opplæringslova. § 3-11 og § 3-15

- *Kartlegging, rapportering og dokumentasjon av skulen sine vurderingar frå 8. årstrinnet*

Rådjevartenesta har testar i norsk, matematikk og engelsk i 8. klasse der det kan takast ut ein profil på kvar elev. Denne vert analysert og arkivert, og teke med til konferansetimen. Eventuelle avvik vert meldt vidare til ansvarleg for spesialundervisning og eventuelt PPT. Registrering av terminkarakterar og standpunktkarakterar vert og registrert og arkivert i eit skuleadministrativt datasystem. Skulen gjennomfører og arkiverer også dei nasjonale prøvane i 8. og 9. klasse.

- *Ulike metodar for undervegsvurdering og eigenvurdering vert gjennomført og erfaringar delt i organisasjonen*



Mange av lærarane gjev uttrykk for at dei har brukt mykje tid på å laga skjema til eigenvurdering. Desse vert lagt ut på O-området og på læringsplattforma "pedit". Elevane seier og at dei har eigenvurderingsskjema i mange fag, spesielt i praktiske fag, men og i norsk og engelsk. Nokre fagseksjonar er svært samkøyrt og har god delingskultur. Kunst og handverk, engelsk, naturfag og norsklærarar seier dei har godt samarbeid og samkøyrt planar og vurdering.

- *Skulen har laga eit felles system for kjenneteikn på måloppnåing basert på kompetansemåla i LK06*

Seksjon for praktisk-estetiske fag peikar seg ut med eit velfungerande system som blir anerkjent av alle elevane og foreldra me intervju. Både elevane og foreldra seier at dei i forkant av eit arbeid får presentert tydelege og lettfattelege kriterium for grad av måloppnåing. Frå andre fagseksjonar kjem det og signal om at dei er i gang, og presenterer nedbrotne mål for elevane samt grad av måloppnåing i forkant av emne og prøvar.

Grunnlaget for vurdering i fag er dei samla kompetansemåla i læreplanane for fag slik dei er fastsette i læreplanverket. Forskrift til opplæringslova §3-3

- *Elevane får vita kva som er kjenneteikn på låg/middels og høg måloppnåing*

Elevane er tydelege i tilbakemeldinga si på at dei får god kjennskap til kva som er kjenneteikna på låg, middels og høg måloppnåing i faga kunst- og handverk, mat og helse og musikk. "Ja, det får me klar beskjed om!" Det melder elevane på alle trinna tilbake. Føresette er også samde om at det er tydeleg kva som er krava i desse faga.

Igjen er det dei praktisk- estetiske faga, pluss ein del andre fag som språkfag, naturfag, og kroppsøving som har laga seg gode arbeidsreiskapar med konkrete kjenneteikn og kriterium på måloppnåing. Desse vart brukt litt ulikt, i forkant av eit emne, i forkant av prøvar og etter prøvar for å grunngje.

- *Vurderinga i orden og åtfærd er åtskild frå vurderinga av eleven si kompetanse i fag*

Vurderingane i orden og åtfærd skal seia noko om korleis eleven oppfører seg og arbeider på skulen. Å trekkja inn orden og oppførsel i den faglege vurderinga vil vera ei sakshandsamingsfeil og vil vera grunnlag for klage frå eleven si side. På Voss ungdomsskule er både elevar, foreldre og lærarar samde om at vurderingane i orden og åtfærd ikkje vert trekt inn i vurderinga i fag.



Undervegsvurdering blir brukt som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidreg til at eleven, aukar kompetansen sin i fag. Forskrift til Opplæringslova § 3-3

- *Eleven har minst ein gong kvart halvår ein samtale med kontaktlæraren*

Både elevar, foreldre og lærarar melder tilbake at det vert gjennomført samtale med eleven minst ein gong i halvåret. Elevar og foreldre melder om at fagleg og sosial utvikling med framovermelding er tema både på foreldresamtalen og elevsamtalen. Ellers seier elevane: "Det er lett å ta kontakt med læraren." Føresette er også tydeleg på at det ikkje er vanskeleg å få ekstra tilbakemelding/samarbeid når ein ber om det.

- *Undervegsvurderinga er både munnleg og skriftleg*

Skulen har god rutine på å gje skriftlege tilbakemeldingar. Dette gjeld både på skriftlege og munnlege arbeid. Lærarane er fagleg dyktige og har høg kompetanse og erfaring.

Eleven deltek aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling. Forskrift til Opplæringslova § 2-3 og § 3-4

- *Eleven får ved hjelp av eigenvurdering eit bilete av eigen fagleg utvikling*

Elevane opplever ein auke i bruk av eigenvurdering og lærarane rapporterer om det same. Nokre fag har gjennomført system for dette. Eigenvurderinga vert nytta i dei fleste faga, men ikkje like systematisk alle stader.





6 - Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet



Undervegsvurdering blir brukt som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidreg til at eleven, aukar kompetansen sin i fag.

- *Eleven får framovermeldingar og relevante tilbakemeldingar slik at han/ho kan justera eiga læring*

Kva tilbakemeldingar og framovermeldingar eleven får frå læraren sin er avgjerande for vidare læring og utvikling. Det er læraren som er den vaksne og profesjonelle og må ta ansvar for at det vert utvikla gode relasjonar til alle elevane. Dette er grunnleggjande for at det skal skje læring. Læraren/skulen må reflektera over om han/dei kan gjera endringar i metodane sine for å nå fram til alle elevane. Det er også viktig å diskutera korleis ein gjennomfører framovermeldinga, slik at meldinga vert motiverande for den einskilde eleven. Grunnlaget for vurderinga er læringsmåla i faga. Alle elevane seier at læringsmåla står på vekeplanen. Det verkar gjennomført i alle klassar, og i dei fleste faga. Men elevane kjenner ikkje alltid til kva læringsmål dei har. Dei veit at dei kan finna læringsmåla på vekeplanen, men læringsmåla vert lite omtala i sjølve undervisinga. Me observerte i seks klassar i seks timar, og me registrerte ikkje at læringsmål vart omtala, repetert eller vist til.



Tilbakemelding i klasserommet vil vera ein av dei mest læringsfremmande vurderingsformene som finst (J. H. Høines s. 137). Elevane fortel om mykje skriftleg tilbakemelding, med ein del framovermelding. Dei melder om lite munnlege framovermeldingar i klasserommet. Tilbakemeldingane i klasserommet gjekk mykje på bra, flott, godt arbeid og lite på tydelege framovermeldingar. Når læringsmåla for veka/perioden er tydelege for både lærar og elev, vil det vera lettare å gje konkrete og tydelege framovermeldingar til eleven. Me kunne heller ikkje sjå rutinar for tilbakemelding i klasserommet dei øktene me observerte undervisinga. Ikkje alle elevane veit kva framovermelding er.

- Eleven får positive oppmuntringar som fremjar motivasjon og arbeidsinnsats

Då me spurde elevane kva som motiverte dei til vidare læring, fekk me svar som variert undervisning, elevaktivitetar og gode kommentarar frå lærarane. "Det er mest sånn les, les, gjer lekser!" Elevane melder om mykje bruk av tradisjonell undervisning med stillesitjing, lesing, oppgåver og skrivning. Dei seier det er motiverande med større variasjon i undervisningsmetodane og nemner dramatisering, leikar, diskusjon, gruppearbeid, film, munnlege aktivitetar i tillegg til tradisjonell tavleundervisning. Meistring vart nemnt av elevane som viktig for motivasjonen, det same vert ros og positive kommentarar.

- Undervegsvurderinga er både munnleg og skriftleg

Elevar, foreldre og lærarar melder om gode rutinar for skriftleg tilbakemelding på både munnlege og skriftlege arbeid. Når det gjeld rutinar for munnleg tilbakemelding, seier lærarane at det er ein viktig del av det daglege arbeidet. Når elevane ikkje opplever det slik, må ein sjå på kva som er årsaka til at ein ser det ulikt.

Sitat frå lærar:»Ein svakheit i munnlege fag er det at elevar ikkje får vurdering viss dei ikkje tør eller vil delta, det er urettferdig. Berre dei som deltek får vurdering». Korleis kan de sikra at alle elevane får brei vurdering i munnlege fag?

Kollegarettleing kan vera ein metode for å undersøkje nærare korleis ein gjev elevane munnlege framovermeldingar og tilbakemeldingar.

Munnlege framovermeldingar som er konkrete og relevante i forhold til måloppnåing, ikkje berre «bra» «flott» o.l. opplever elevane som motiverande og læringsfremjande.

Eleven deltek aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.

- Eleven får ved hjelp av eigenvurdering eit bilete av eigen fagleg utvikling

Eigenvurdering er eit godt hjelpemiddel for vidare læring og utvikling. Som alle andre hjelpemiddel må det lærast korleis det kan nyttast, for å få størst



mogleg utbyte. Bruken av eigenvurderingsskjemaet synest å vera noko uklart for nokre elevar: "Då eg fekk arket, visste eg ikkje kva eg skulle". Det er også lærarar som uttalar at elevane berre kryssar i "hytt og pine" og difor ikkje ser poenget med eigenvurdering, medan andre uttalar at dette er nyttig, men at ein kanskje treng utvikla eit betre skjema.

Det er ikkje alltid at eigenvurdering er å *fylle ut skjema*. Å be eleven sjå på si eiga arbeidsbok, kva har du svart her, kva er bra og kva kan gjerast betre – er ein god og papirlaus metode. For lærarane er det nyttig å verta tryggare i bruk av ulike metodar, samt vera medviten på kva som eigentleg er eigenvurdering.

Skulen tek ansvaret for at eleven sin rett til vurdering blir oppfylt og kan dokumentera at undervegsvurdering er gitt. Forskrift til Opplæringslova. §3-11 og §3-15.

- *Kartlegging, rapportering og dokumentasjon av skulen sine vurderingar frå 8. årstrinnet*

Kontaktlærarane gjev uttrykk for at dei har eit system for dokumentasjon av samtalar med elevar og føresette. Å dokumentera at undervegsvurdering er gitt og levera dette til administrasjonen er relativt nye reglar, men det krevst ikkje lange skriftlege vurderingar. Det kan gjerast så enkelt som avkryssing på ei klasseliste med dato og underskrift som viser at eleven har fått utviklingssamtale og konferansetime. Kontaktlærar har ansvar for dokumentasjonen samt levera denne til administrasjonen.

- *Ulike metodar for undervegsvurdering og eigenvurdering vert gjennomført og erfaringar delt i organisasjonen*

Sjølv om mange lærarar er godt i gang, nokre grupper har praktisert dette lenge og andre er såvidt i startgropa, er det ein del punkt som peikar seg ut: Er det vorte for stort fokus på undervegsvurdering og eigenvurdering i form av skjema på papir? Er alle samde om at eigenvurdering er nyttig i vurderinga? Er staben einige om korleis gode og mindre gode erfaringar skal spreiaast? Er skjema som ligg på «O» og på «pedit» noko som vert brukt, eller blir det for mange og ulike skjema som læraren ikkje føler eigarskap til? Her har organisasjonen ein del å gripa fatt i, rydda opp i skjema, samla alt på ein plass og å få luka vekk det som ikkje er i bruk.

Skulen må reflektera og diskutera arbeidet med å utvikla vurderingspraksisen på eigen skule. Forskarane Black og Wiliam har studert vurderingspraksisen i mange klasserom, og dei presenterer to modellar for å illustrere ulike aspekt ved vurdering og læring:

- Kultur for påskjøning: når læringskulturen fokuserer på påskjøning i form av stjerne, smilefjes, karakterar og rangering, vil elevane konsentrere seg om å oppnå desse påskjøningane i staden for å ha fokus på læringsbehov.
- Kultur for måloppnåing: kjenneteikn på denne læringskulturen er at elevane faktisk kan nå måla. Vurdering er eit viktig verkemiddel for



læring, men må kommuniserast på rett måte. Sjå: Udir, Undervegsvurdering i fag.

På utdanningsdirektoratet si nettside ligg det ein link til nettstaden «vurdering for læring». Denne sida er nyttig å utforska saman på team eller i faggrupper. Der er filmar frå praksis, vurderingsverktøy, greie oppskrifter på arbeid med mål og kriterium og forslag til korleis de kan utforske eigen praksis: «Underveisvurdering kan styrke elevens læring dersom både lærer og elev bruker vurderingsinformasjon til å justere og tilpasse opplæringen underveis.» Dette vert kalla *vurdering for læring*.

- *Skulen har laga eit felles system for kjenneteikn på måloppnåing basert på kompetansemåla i LK06 og*

Nokre av lærarane gav uttrykk for at det å bryta ned kompetansemåla var bortkasta arbeid og hadde ikkje noka hensikt. Dei hadde laga skjema med felles kjenneteikn og halvårsplanar i fleire omgangar, men det fungerte ikkje som eit hjelpemiddel. Det vart sagt at elevane var likegyldige til måla, lærarane fekk ekstraarbeid og dessutan var lang erfaring tilstrekkeleg til å gje ein karakter. Slike haldningar møter me mykje i skulen. Det er forståeleg at frustrasjonen blir stor når ein legg mykje verdifull tid i arbeid som vert lagt vekk. Det er likevel ikkje grunn til å gje opp, men sjå på nytt kva det er som ikkje fungerer, kvifor materialet som er tilgjengeleg ikkje blir brukt, og kva som kan gjerast betre. Det er viktig å få til eit system som kvalitetssikrar vurderinga og som samtidig er lett å forstå, lett og bruka for alle og ikkje minst eit hjelpemiddel i vurderinga. De har fagseksjonar som har eit velfungerande system, korleis kan de dela med kvarandre?

Grunnlaget for vurdering i fag er dei samla kompetansemåla i læreplanane for fag slik dei er fastsette i læreplanverket, jf. § 1-1 eller § 1-3. Forskrift til Opplæringslova §3-3

- *Eleven får vita kva som er kjenneteikn på låg/middels og høg måloppnåing*

Det vart drøfta om elevane har forståing for læringsmåla, om det har noka hensikt å presentere dei for måla og om foreldre hadde forståing for måla. 8.klasse-elevar visste ikkje kva kompetansemål var, men dei ville gjerne ha ein lettfatteleg oversikt over kva dei skulle læra i dei ulike faga. 9. og 10. klasse elevar hadde mål på arbeidsplanen, men tenkte ikkje over dei i særleg grad. Det som ikkje kan diskuterast er om denne jobben *skal* gjerast, for det er tydeleg i lovverket. For at elevar skal kunna forstå læringsmåla, korleis dei skal koma dit, kva som blir vurdert og kvar dei er i læringsprosessen må dei verta medvitne på måla og ha stadig repetisjon av måla. Elevane ser lettare om dei har nådd måla, og dei får eit forhold til den faglege utviklinga si når dei får vita kva som vert forventa av dei i ulike læringssituasjonar. Dette er igjen noko som vil hjelpa både elevar, foreldre og lærarar i vurderinga.



- *Halvårsvurderinga med karakter gjev uttrykk for den kompetansen eleven har nådd ut frå det som er forventa på tidspunktet for vurderinga*
- *standpunktkarakteren er basert på eit breitt vurderingsgrunnlag og eleven får høve til å forbetre kompetansen sin i faget inntil standpunktkarakteren er fastsett.*

Lærarane diskuterte litt fram og tilbake kva konsekvensen av vurderinga på det forventa tidspunktet betyr, samtidig som det skal vera eit breitt vurderingsgrunnlag. Nokre meinte det lett blir feil karakter viss det siste emne elevane har arbeidd med er anten vanskeleg eller lett i forhold til det dei har gjort tidlegare. Det er ikkje sagt i lovverket kva tidsspenn «tidspunktet» for vurdering er, men her må det vera lov å bruka skjønn om ein samtidig skal dekkja «det breie».

For elevane kan det vera nyttig å samla prøvar og tilbakemeldingar, framovermeldingar. Læringsplattforma «pedit» er eit flott hjelpemiddel der ein kan laga testar, leggja inn vurderingar tilgjengeleg for elevar og foreldra og arkivera prøvar.

7 - Vidare arbeid

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss 28.10.10

Marita Velure Steine

Inger Sekse



Vedlegg 1

Deltakarar i vurderinga har vore eit utval av elevar tilfeldig utplukka frå to klassar på kvart trinn. Til saman frå seks klassar. Alle klassekontaktane har vore kalla inn og det møtte 17 foreldre på foreldremøtet. Alle lærarane har vorte kalla inn til intervju. Seks lærarar har hatt observasjon i undervisingsituasjon ein time.

Vedlegg 2



TIDSPLAN FOR VURDERING AV VOSS UNGDOMSSKULE

Vurderingstema: Vurdering for læring, fokus på tilbakemelding til elev (framovermelding)

Vurderingspar : Marita Velure Steine og Inger Sekse

TID	AKTIVITET	ANSVAR
10.09.09	Vurderingsveke fastlagt til veke 43	Skulen og vurderarane
10.09.09	Vurderingstema: Vurdering for læring	Skulen
September	Glansbilete for vurderingsområdet vert utarbeidd og sendt skulen	Vurderarane og rektor
04.10.09	Formøte mellom vurderarar og leiinga på skulen kl. 13.45. Møte mellom vurderarar og personalet kl. 14.30	Vurderarane og skulen
Oktober	Glansbiletet vert drøfta av dei tilsette på Voss ungdomsskule. Skulen sender melding om at dei godkjenner glansbiletet innan 15.10.09	Rektor og vurderarane
Veke 40	Skulen får tilsendt tidsplan og brev til foreldre med invitasjon til foreldremøte. Skulen kallar inn klassekontakt og FAU-representant	Vurderarane og rektor



	med vara frå alle klassane. Tidsplanen bør presenterast for dei tilsette.	
24.10.09	Arbeidsmøte vurderarar, førebu samtaleguidar og foreldremøte	
Veke 43	<p>Intervju og observasjon. Samtale med rektor kvar dag.</p> <p>Måndag 25.10.10 Kl. 8.40 – observasjon samfunnsfag klasse 10e Kl. 9.30 – intervju lærarar Kl. 10.25 – observasjon RLE klasse 8d Kl. 11.20 - lunsj Kl. 11.50 – observasjon norsk klasse 10c Kl. 12.45 – elevintervju Kl. 13.35 - elevintervju Kl. 14.30 – intervju lærarar Kl. 15.20 – intervju lærarar Kl. 19.00 – 20.00 Foreldremøte i kantina</p> <p>Tysdag 26.10.10 Kl. 8.40 – observasjon matematikk klasse 9a Kl. 9.30 - elevintervju Kl. 10.25 – observasjon naturfag klasse 9f Kl. 11.20 - lunsj Kl. 11.50 – elevintervju Kl. 12.45 – intervju lærarar Kl. 13.35 – observasjon engelsk klasse 9e Kl. 14.30 – intervju lærarar Kl. 15.20 – intervju lærarar</p> <p>Onsdag 27.10.10 Kl. 8.40 – elevintervju Kl. 9.30 - elevintervju Vurderingsgruppa arbeider med rapporten</p> <p>Torsdag 28.10.10 Kl. 13.30 – 14.00 Samtale med rektor/leiinga Kl. 14.00 – 14.30 Tilrigging Kl. 14.30 – 15.30 Presentasjon av rapporten for personalet, ordførar og rådmann.</p>	Rektor legg til rette. Vurderarane treng eit rom til disposisjon.
Veke 44	Rapporten/dokumentet vert sendt elektronisk til skulen og skuleeigar. Skulen får også alle resultat av samtalar elektronisk. Den offisielle delen av rapporten vert sendt til kompetanseregionen og vert etter ei stund lagt ut på den regionale heimesida.	Vurderarane



Vedlegg 3

Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument, verksemdsplan, arbeidsplanar, resultat av elevundersøkinga og ståstadsanalysen.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nosituasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Vurderarane observerte undervisinga i seks klassar, ein skuletime i kvart av faga RLE, samfunnsfag, norsk, naturfag, matematikk og norsk. Timane var fordelt på alle klassesteg. I observasjonane hadde vurderarane fokus på tilbakemelding til elev.



Vedlegg 4



Samtaleguide elevar

KRITERIUM	Spørsmål
<p>Grunnlaget for vurdering i fag er dei samla kompetansemåla i læreplanane for fag slik dei er fastsette i læreplanverket, jf. § 1-1 eller § 1-3.</p> <p>Forskrift til Opplæringslova §3-3</p>	<ul style="list-style-type: none"> - får du får vita kva som er kjenneteikn på låg/middels og høg måloppnåing? Korleis? - synest du karakteren til jul og vår er gitt på eit breitt grunnlag? - korleis får du høve til å forbetre kompetansen din i faget inntil standpunktkarakteren er fastsett? - gjev halvårsvurderinga uttrykk for den kompetansen du har nådd? - synest du at orden og åtfærd verkar inn på karakteren din?
<p>Undervegsvurdering blir brukt som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidreg til at eleven, aukar kompetansen sin i fag.</p> <p>Forskrift til Opplæringslova §3-3</p>	<ul style="list-style-type: none"> - har du har minst éin gong kvart halvår ein samtale med kontaktlæraren? - korleis får du framovermeldingar og tilbakemeldingar slik at du kan justera eiga læring? - korleis får du positive oppmuntringar som fremjar motivasjon og arbeidsinnsats? - er undervegsvurderinga både munnleg og skriftleg? -synest du vurdering i orden og i åtfærd er med å skapa eit betre miljø på skulen? Korleis?
<p>Eleven deltek aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.</p> <p>Forskrift til Opplæringslova § 2-3 og § 3-4.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - får du høve til å samanlikna eige produkt med kriterier som er sett på førehand? Korleis? - kan du stille deg spørsmåla; kvar skal eg, kvar er eg i læringsprosessen og kva er neste steg? Korleis gjer du det? - får du ved hjelp av eigenvurdering eit bilete av eigen fagleg utvikling? Korleis? - korleis opplever du det fysiske arbeidsmiljøet/ læringsmiljøet? Er det er trygt å prøva og å feila? - kjenner du deg trygg på at målet med vurdering er



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

	vidare læring og at det er mogeleg å forbetra seg?
<p>Samarbeid med føresette undervegs i skuleåret om eleven sin orden/åtferd og faglege utvikling.</p> <p>Forskrift til Opplæringslova § 20-3</p>	<p>- får dei føresette får tilbakemeldingar på orden, åtferd og karakterane dine gjennom heile opplæringa? Korleis får dei det?</p> <p>- kjenner du og foreldra dine dykk trygge på at målet med vurdering er vidare læring og at det er mogeleg å forbetra seg? Kva er det som gjer det?</p>



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Samtaleguide føresette

KRITERIUM	Spørsmål:
<p>Samarbeid med føresette undervegs i skuleåret om eleven sin orden/åtferd og faglege utvikling.</p> <p>Forskrift til opplæringslova § 20-3</p>	<ul style="list-style-type: none"> - korleis får de kjennskap til kompetansemåla? - får elevane framovermeldingar i høve til kompetansemåla og korleis vert dei gitt? - korleis og kor ofte samarbeider de med kontaktlæraren om utviklinga til eleven? - korleis får de tilbakemeldingar på orden, åtferd og karakterane? - målet med vurderinga er vidare læring og tru på at det er mogeleg å forbetra seg. Korleis vert vurderinga formidla slik at elev og foreldre kjenner seg trygge på at vidare opplæring er målet er målet?
<p>Eleven deltek aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.</p> <p>Forskrift til Opplæringslova § 2-3 og § 3-4</p>	<ul style="list-style-type: none"> - kan eleven kan stille seg spørsmåla; kvar skal eg, kvar er eg i læringsprosessen og kva er neste steg? - opplever eleven trygt og godt fysisk arbeidsmiljø/ læringsmiljø, at det er trygt å prøva og å feila?



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Set opp punkt som de meiner Voss ungdomsskule er flinke til	-
Set opp punkt som de meiner skulen kan bli flinkare til	-
Set opp punkt som dei føresette er flinke til	-
Set opp punkt som dei føresette kan verta flinkare til	-



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Samtaleguide lærarar

<i>KRITERIUM</i>	<i>TEIKN PÅ GOD PRAKSIS</i>
<p>Skulen tek ansvaret for at eleven sin rett til vurdering blir oppfylt og kan dokumentera at undervegsvurdering er gitt.</p> <p>Forskrift til Opplæringslova. § 3-11 og § 3-15.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - kartlegg, rapporterer og dokumenterer skulen vurderingar frå 8. årstrinnet? Korleis? - korleis legg skulen til rette for at ulike metodar for undervegsvurdering og eigenvurdering vert gjennomført? -korleis vert erfaringar delt i organisasjonen? - har skulen har laga eit felles system for kjenneteikn på måloppnåing basert på kompetansemåla i LK06 - legg leiinga legg til rette for at lærarar på kvart trinn /team kan drøfta metodar for å trena elevane i systematisk eigenvurdering? Korleis?



<p>Grunnlaget for vurdering i fag er dei samla kompetansemåla i læreplanane for fag slik dei er fastsette i læreplanverket, jf. § 1-1 eller § 1-3.</p> <p>Forskrift til Opplæringslova §3-3</p>	<ul style="list-style-type: none">- korleis får eleven vita kva som er kjenneteikn på låg/middels og høg måloppnåing?-korleis får eleven får høve til å forbetre kompetansen sin i faget inntil standpunktkarakteren er fastsett?- kor ofte og korleis vurderer du eleven?- er karakteren gjeven ut frå eit snitt eller frå kompetansen eleven har nådd på tidspunktet for vurderinga?- er vurderinga av orden og åtferd åtskild frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag?
<p>Undervegsvurdering blir brukt som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidreg til at eleven, aukar kompetansen sin i fag.</p> <p>Forskrift til Opplæringslova §3-3</p>	<ul style="list-style-type: none">- kor ofte har du utviklingsamtale med eleven som kontaktlærer og faglærer?- kva metodar brukar de for å gje læringsfremjande framovermeldingar?- korleis får eleven tilbakemeldingar som fremjar motivasjon og arbeidsinnsats?- kva type undervegsvurdering er munnleg og kva er skriftleg?- er vurdering i orden og i åtferd med og skapa eit godt miljø? Korleis?
<p>Eleven deltek aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.</p> <p>Forskrift til Opplæringslova § 2-3 og § 3-4.</p>	<ul style="list-style-type: none">- korleis får eleven ved hjelp av eigenvurdering eit bilete av eigen fagleg utvikling?- korleis får eleven får høve til å samanlikna eige produkt med kriterium som er sett på førehand?- korleis trur de at eleven opplever det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet? Er det trygt å prøva og å feila?
<p>Samarbeid med føresette undervegs i skuleåret om eleven sin orden/åtferd og faglege utvikling.</p> <p>Forskrift til Opplæringslova § 20-3</p>	<ul style="list-style-type: none">- korleis blir føresette er kjende med kompetansemåla i LK06?- kva er tema på foreldresamtalen?